



Arbeidstilsynet

VÅR DATO
14.10.2014

DYKKAR DATO
11.04.2014

VÅR SAKSHANDSAMAR
Merete Myklebust Montero tlf 476 38 548

VÅR REFERANSE
2012/30582 158726/2014

DYKKAR REFERANSE

1

Moldeskredgården AS
Postboks 131 Nesttun
5221 NESTTUN

VEDTAK I KLAGESAK - AML. § 18-9 - MOLDESKREDGÅRDEN AS

Direktoratet for arbeidstilsynet syner til klage av 11.04.2014 over Arbeidstilsynet Vestlandet sitt avslag om samtykke til å nytte lokalet i Moldeskredgården til treningssenter i vedtak av 26.03.2014.

Det er klaga i rett tid i høve til forvaltningsloven (fvl.) § 29. Klaga er sendt Direktoratet for arbeidstilsynet til endelig avgjerd i høve til fvl. § 28.

Direktoratet finn saka tilstrekkeleg opplyst og tar den til handsaming, jf. fvl. § 33 siste ledd.

Sakstilhøvet

Moldeskredgården AS søkte om samtykke etter arbeidsmiljøloven § 18-9 i brev av 15.11.2012. for å bygge om Moldeskredgården til blant anna treningssenter. Arbeidstilsynet Vestlandet ga samtykke på vilkår om etablering av ventilasjon i treningssenteret i vedtak av 06.02.2013.

Leigetakar informerte deretter om at Fitness Group Nordic AS ikkje sysselsetter tilsette eller har innleide årsverk knytt til tiltaket det er søkt om, blant anna i brev av 17.06.2013 og 20.12.2013.

Etter orientering frå Arbeidstilsynet Vestlandet vart det sendt inn ny søknad om samtykke til planar for tilbygg og ombygging i lokalet i brev av 12.02.2014. Arbeidstilsynet Vestlandet ga samtykke på vilkår i vedtak av 26.03.2014. Vilkåra var at det vart installert ventilasjon, det skulle leggjast til rette med personalgarderobar og bøttekott. Det var totalt sju vilkår til samtykket. I brev av 11.04.2014 klaga huseigar på vedtaket.

Klagar sine synspunkt

Det følgjer av klaga av 11.04.2014 at leigetakar er ueinig i at ein skal sjå på lokalet som generelle arbeidslokale, men vurdere dette ut i frå aktiviteten som leigetakar skal drive med. Vidare hevdar klagar at ingen av utleigar eller leigetakar sine eigne tilsette har arbeidsplass i lokalet, men leigetakars tilsette vil berre sporadisk vere innom lokala for inspeksjon. Kundane til treningssenteret har moglegheit til å nytte seg av personleg trenar, men desse er ikkje tilsett hjå leigetakar. Vidare er det òg reinhaldarar innom lokalet.

POSTADRESSE
Postboks 4720 Sluppen
7468 Trondheim
Noreg

E-POST
post@arbeidstilsynet.no
INTERNETT
www.arbeidstilsynet.no

TELEFON
815 48 222
TELEFAKS
73 19 97 01

ORGANISASJONSNR
974761211



Lokalet er utforma til å vere ubemanna, og det vil såleis ikkje bli tilsett arbeidstakarar i framtida. Leigeavtala med Fitness Group Nordic er ei langvarig leigeavtale på 10 + år.

Direktoratet for arbeidstilsynet si vurdering

Direktoratet for arbeidstilsynet er klageinstans i saka, jf. aml § 18-6 sjuande ledd. Direktoratet kan prøve alle sider av saka, derunder fatte nytt vedtak eller oppheve det og sende det tilbake til underinstansen for ny handsaming, jf. fvl. § 34.

Det følgjer av arbeidsmiljølova § 18-9 at den som vil utføre arbeid på ein bygning som er meldepliktig etter plan – og bygningsloven og som «skal brukes eller venteleg vil bli brukt av virksomhet» som går inn under arbeidsmiljøloven må søkje om samtykke frå Arbeidstilsynet. Verkeområdet til arbeidsmiljøloven er regulert i § 1-2. Det følgjer av denne paragrafen at lova gjeld for verksemd som sysselset arbeidstakarar. Ettersom verksemda har tilsette fell den under arbeidsmiljølova.

Formålet med samtykkehandsaminga etter § 18-9 er å sikre at arbeidsplasser er, eller skal kunne vere, i samsvar med arbeidsmiljøloven sine krav til det fysiske arbeidsmiljøet. Utgangspunktet for Arbeidstilsynet si sakshandsaming er først og fremst bygget i seg sjølv, og at dette varetar grunnleggande rammevilkår uavhengig av planlagt bruk og brukara pr. søknadstidspunkt. I denne saka har ikkje verksemda som skal leige lokalet tilsette med tilhaldsstad i lokala. Det er tale om ein tilsett, som berre skal vere sporadisk innom lokalet, og då berre for ei særskilt kort tid av gongen. Lokalet skal vere eit ubemanna treningssenter.

Treningssenteret har ei leigekontrakt på minst 10 år, og det er ikkje venteleg at dei vil endre konseptet eller flytte ut av lokala før kontrakten går ut. Ifølgje leigeavtala kan lokalet berre nyttast til ubemanna treningssenter i leigeperioden.

Då det i denne saka er eit ubemanna treningssenter, taler rimelegheitsomsyn for å ikkje krevje samtykkehandsaming. Omsynet bak lovreglane gjer seg vidare ikkje tilstrekkeleg gjeldande i denne saka. Etter direktoratets vurdering kan det derfor ikkje vere plikt til å søkje om samtykke etter aml. § 18-9 i denne saka.

Det følgjer av plan og bygningslova § 20-1 at ein må søkje om løyve ved «bruksendring eller vesentlig utvidelse eller vesentlig endring av tidligere drift» i bygning, konstruksjon eller anlegg som det er gitt løyve til. Direktoratet gjer oppmerksom på at dette inneber at ein må søkje på nytt dersom situasjonen skulle endre seg. Det må for eksempel vurderast dersom den tilsette er oftare og lengre innom lokalet.

Vedtak



Direktoratet for arbeidstilsynet opphevar Arbeidstilsynet Vestlandet sitt vedtak av 26.03.2014, jf. arbeidsmiljøloven § 18-9. Klaga vert tatt til følge.

Klageinstansen sitt vedtak er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. fvl. § 28.

Direktoratet gjer oppmerksom på at når eit vedtak blir endra til gunst for en part, kan det krevjast dekning av saksomkostningar i høve til forvaltningsloven § 36. Dette gjelder vesentlege kostnader som har vore nødvendige for å få endra vedtaket, med mindre endringa skuldast parten sitt eget forhold eller forhold utanfor parten si og forvaltninga si kontroll, eller andre særlege forhold taler mot det. Eit eventuelt krav skal rettast til Direktoratet for arbeidstilsynet.

Med helsing
Direktoratet for arbeidstilsynet

Gry Singsaas
avdelingsdirektør, Lov og regelverk
(sign.)

Tonje Faanes
seniorrådgjevar, Lov og regelverk
(sign.)

Dette brevet er godkjend elektronisk i Arbeidstilsynet og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ro Sommernes Advokatfirma As v/ Niels Postboks 1983 Vika 0125 OSLO
Kristian Axelsen

Advokatfirmaet Harris Postboks 4115 Sandviken 5835 BERGEN

Arbeidstilsynet Vestlandet